

Felt B.

REGULERINGSFØRESEGNER

I TILKNYTING TIL REGULERINGSENDRING FOR BUSTADFELT I
KNARVIKOMRÅDET, DELER AV G.NR.188 I LINDÅS KOMMUNE.

§ 1.

Det regulerte området er synt på planen med reguleringsgrense. Innanfor reguleringsgrensa skal bygningane plasserast slik som synt på planen.

Mindre vesentlege endringar i bygningane sin plassering og storleik kan tillatast av bygningsrådet innanfor råma av bygningslova, men bygningane må ikkje koma utafor byggelinjer mot veg, grøntområde eller nærare grannegrense enn 5 meter.

§ 2.

Bustadfelta er regulert for oppføring av småhus eller rekkjehus som kan byggjast i inntil 2 høgder. På kvar småhusparsell kan byggjast eit bustadhus med inntil 2 husvære. Dessutan kan oppførast uthus og garasjebygg på tilsaman inntil 50 m².

Mindre unntak fra desse føresegner kan - innanfor råma av bygningslovgjevinga - tillatast av bygningsrådet når særlege grunnar talar for det.

§ 3.

Oppfylling av terrenget i meir enn 1 meters høgde over det naturlege lendet skal godkjennast av bygningsrådet.

§ 4.

På tomtene må ikkje plantast tre som kan verka sjenerande for granne eller som kan hindra turvande oversyn i vegkryss.

§ 5.

På strandlina for regulert friområde kan byggjast samf naust på høvelege stader etter godkjenning av bygningsrådet.

§ 6.

Konstruksjon, høgde og farge på gjerde skal godkjennast av bygningsrådet.